

å sikre norske interesser: problem



oppgjør med ønsket om å redde verden.

handler om rein maktpolitikk i en ny forkledning.

Slagordet «hjelp til selvhjelp» er treffende, men da med motsatt fortegn, mener Traavik. Han sier det gjelder både på et politisk og samfunnsøkonomisk plan, og på et personlig og individuelt nivå.

– Kan kunsten spille en kritisk rolle i denne sammenhengen?

– Ja, jeg tror kunstnere kan gjøre en forskjell. Men vi må også være klar over at det finnes en del likheter mellom det politiske kunstmiljøet og bistandsmiljøet. Det er lett å finne eksempler på symbolhandlinger i kunstnerisk uttrykk som ikke fører til noe annet enn at de som står bak føler seg som bedre mennesker.

«Ballonger for Burma»

Det ble også Traavik rammet av under arbeidet med «Miss Landmine».

– Da jeg gikk inn i dette arbeidet, var målsettingen å

skape en slags grusom skjønnhet. Men etter hvert begynte jeg å fundere på om jeg kunne hjelpe disse damene til et bedre liv, så jeg måtte poengtere både for dem og meg selv at dette sannsynligvis ikke kom til å bedre livet deres i nevneverdig grad, sier han, og legger til at vi må unngå «Ballonger for Burma»-syndromet.

Syndromet er ifølge Traavik troen på at kunstneriske handlinger kan redde verden. Det er gjerne bærere av sosial samvittighet som politikere, bistandsarbeidere, kulturarbeidere og visse rockestjerner som rammes.

Men det er likevel håp på kunstens vegne, mener han.

– Dersom kunstneriske strategier skal ha noe for seg i denne sammenhengen, må det være gjennom evnen til å stille spørsmål og avdekke dilemmaer. Det man ikke bør gjøre, er å tilby en ferdigtygget kunstnerisk og politisk agenda.

dagl@klassekampen.no



«FØR REVOLUSJONEN»: Israellarar nyt livet i Teheran før den islamistiske revolusjonen i 1979.

FOTO: BIFF

Det nyhenda ikkje fortel



Guri Kulås

KOMMENTAR

Filmfestivalar, som Bergen internasjonale filmfestival, er no obligatorisk for den som vil halda seg orientert. Ikkje berre om filmkunst, men om verda.

I dag opnar Bergen internasjonale filmfestival (Biff) for 14. gong. Biff er ein svært omfattande og variert publikumsfestival – med totalt 155 langfilm, filmaktivitetar for skoleelevar og førpremierar på kinogodbitane utover seinhausten. Opningsfilmen er ein «snikpremiere» på den spektakulære amerikanske romfartssuksessen «Gravity».

Kjernen i Biff er likevel eit nøye utvald program av spesialimportert spelefilm og dokumentarfilm som det elles kan vera vanskeleg å få sett. Særleg dokumentarseksjonen har vorte viktig, med brennaktuelle tema, ikkje minst i konkurranseprogrammet.

Eitt døme, blant svært mange, er Jacob Kornbluths «Inequality For All», eit portrett av den amerikanske økonomiprofessoren Robert Reich. Han hoppa av karrieren som arbeidsminister under Bill Clinton då han forstod at nyliberalane på 1990-talet var uinteresserte i professoral argumentasjon for at det er samfunnsfornuftig å forda godene. No reiser førelesaren Reich omkring som ei einmannskampanje mot nyliberal samfunnsbygging.

Eit anna døme er filmen «The Network», om Tolo TV, den første uavhengige tv-kanalen i Afghanistan. Motsett dei fleste filmskaparar som har arbeidd i Afghanistan, har regissør Eva Orner ikkje følgd vestlege soldatar, men det nasjonsbyggande prosjektet til menneska bak landets største tv-kanal. Eit liknande ikkje-militært perspektiv, men villare i all si framferd, er George Gittoes' kjærleiksfilmproduksjon mot tvangsekteskap i «Love City Jalalabad».

Ein interessant personleg dokumentar av israelske Dan Shadur set konflikten mellom Israel og Iran i eit nytt lys. Under Sjah-styret på 1960- og 70-talet levde tusenvis av høgtlønna israelske ingeniørar og andre fagfolk gode liv i Iran, der dei både bygde infrastruktur, selde våpen og trente den iranske hæren. Som ein del av den vesle, isolerte overklassen vart den islamistiske revolusjonen i 1979 eit dobbelt trugsmål for israelarane. Regissørens eigen familie var blant eksilantane og blir skildra i «Before the Revolution».

«Kinoane blir av mange årsaker meir uvesentlege for både kunst og demokrati»

Festivalen har også fått tak i den siste filmen til Errol Morris («Standard Operating Procedure», «The Fog of War»). «The Unknown Known» er eit portrett av Donald Rumsfeld, eller ein dokumentarisk duell mellom filmskapar og filmobjekt slik berre Errol Morris kan laga det.

Filmskaparane Lana Wilson og Martha Shane har på si side funne fram til dei fire(!) siste gynekologene i USA som utfører seinabortar. Dei er alle over 70 år gamle og tidlige kollegaer av legen George Tiller, som vart myrda av ein abortmotstandar i 2009. Filmskaparane kjem også til Bergen for å snakka om USA «After Tiller». Denne filmen er også eit døme på korleis dokumentar har vorte eit sentralt verkty for politisk grasrotaktivismen i dag.

Med jamne mellomrom blir det stilt spørsmål ved om vi treng alle dei norske filmfestivalane? Programmet til Biff halde opp mot kinoprogrammet eller tv-programmet den same veka, stadfester at vi gjer det. Kinoane blir av mange årsaker alt meir uvesentlege for både kunst og demokrati. Og trass i bra arbeid i einskildredaksjonar, særleg nyhendemagasina på både NRK og TV 2, har festivalane vist at det både finst eit stort uformidla filmtilbod og eit publikumsbehov for grundigare drøfting av mange tema. Festivalane set

filmene i kontekst med politiske debattar og inviterte filmskaparar. Og med det nettverket som er bygd opp av festivalar frå Tromsø (Tromsø internasjonale filmfestival), via

Trondheim (Kosmorama) og Oslo (Film fra Sør, Human Rights/Human Wrongs og Oslo Dokumentarkino), finst det eit no eit kvalitetstilbod til store delar av norsk filmpublikum, som etter kvart verkar umisteleg.

Guri Kulås

gurik@klassekampen.no